

# Plan for overgang Barnehage – Skule



**Osterøy kommune**

**Sektor for oppvekst, undervisning og kultur**

**Januar 2019.**

## **INNLEIING VED SEKTORLEIAR**

**Siktemålet med denne planen er å sikra gode overgangar og styrkja samanhengen i opplæringa for born og unge i Osterøy kommune.**

**Vi ønskjer å skapa ein samanheng som kan sikra borna våre kontinuitet i eit livslangt læringsløp.**

**Planen er utarbeida på bakgrunn av god praksis - gode erfaringar og gode idear frå barnehagar og skular i kommunen. Den er og utforma og tilpassa i samsvar med sentrale og lokale føringar.**

**Samarbeid mellom overgangane er formulert som pålegg både i Rammeplan for barnehagar og i Læreplan for grunnskulen.**

**Barnehage – heim og skule skal samarbeide om ein trygg og god overgang og skulestart.**

**Barnehagen førebur barnet til skulestart, og skulen er klar til å ta imot 6 åringen. (5 åringen).**

**Planen vil vera forpliktande for alle som arbeider i barnehagane og skulane i Osterøy.**

**Lukke til med arbeidet!**

**01.01.2019.**

**Ivar Sandgren  
Sektorleiar**

## **PLAN FOR OVERGANG BARNEHAGE – SKULE**

*Fra eldst til yngst – Samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule.*

### **I veiledaren er det fylgjande tilråding:**

- *Barnehagetiden avsluttes på en god måte og skolen og skolefritidsordningen forbereder seg på å ta imot barnet.*
- *Barnet blir kjent med skolen i god tid før første skoledag*
- *Det er sammenheng og progresjon i læringsinnholdet i barnehage og skole*
- *Foreldre godkjenner informasjonsoverføring fra barnehage til skole og har muligheter for aktiv medvirkning.*
- *Lærere i barnehage og skole har felles møteplasser for forventningsavklaringer, kompetanseutvikling og felles planlegging.*
- *Kommunen initierer, planlegger, kontrollerer og følger opp samarbeidstiltak gjennom overordnede planer. Planene bør inkludere både kommunale og private barnehager og skoler.*
- *Barnehage – og skoleeier har det overordnede ansvaret for å legge til rette for samarbeid.*

### **MÅL:**

***Å sikre god kontakt mellom barnehage – heim og skule – slik at overgangen blir best mogleg for kvart barn.***

### **LIVSLANG LÆRING:**

I Rammeplan for barnehagen og i Kunnskapsløftet vert det lagt vekt på omgrepet livslang læring. Livslang læring er viktig i dagens kunnskapssamfunn – og barnehagen er rekna som ein del av utdanningssystemet. Barnehagen må sjåast i samanheng med den vidare utdanninga i skulesystemet. Både læreplan og rammeplan understrekar at det skal vera eit tett og aktivt samarbeid mellom barnehage og skule – til det beste for barnet.

### **LIVSMEISTRING OG HELSE**

Grunnlaget for barn sin trivsel, livsglede, meistring og kjensle av eigenverd vert lagt i barnehagen. Livsmeistring handlar og om at barna skal møte motstand, håndtera utfordringar og vera uthaldande. Gjennom medverknad og skaparglede, venskap og fellesskap, undring og utforskartrong i leik og læring utviklar barn grunnleggjande kunnskaper og ferdigheter. Barnehagane og skulane skal gje barna våre eit godt grunnlag for livsmeistring og livslang læring.

### **TVERRFAGLEG SAMARBEID**

Samarbeid om overgangar kan ha ein førebyggjande effekt. Alle overgangar i livet kan i seg sjøl vera kritiske. I den grad det er mogleg - må eit samarbeid i ulike overgangsfasar ha som mål å hindra negativ utvikling - og fanga opp tilhøve som kan vera risikofylte. Foreldre/føresette er opptekne av korleis barnet deira vert motteke; anten det er første dag i barnehagen eller første skuledag. *Det er viktig å ivareta barnehage – skule sin eigenart; barnehagen skal ikkje bli skule – og skulen skal ikkje bli barnehage!*

## **BAKGRUNN – LOV OG FORSKRIFTER**

Barnehage og skule har ulike mandat og ulik læringskultur, men begge har eit felles mål om å stimulere barn si lyst til å lære.

Samarbeidet mellom barnehage og skule vert omtala i *Rammeplan for barnehagen – innhald og oppgåver - og Prinsipper for opplæringen* i læreplanverket for Kunnskapsløftet – som begge er forskrift til Lov om barnehagar og Opplæringslova.

I Rammeplan for barnehagen er samarbeidet barnehage og skule omtala i

### **Kapittel 6 – Overganger.**

*«Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen leggje til rett for at barnet får ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt skulefritidsordning. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barn i barnehagen, overgang til skule og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldre for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.*

*«Dei eldste barna skal få høve til å glede seg til å begynne på skulen og oppleve at det er samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheter som kan gje dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrighet og tru på egne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer i skulen og i skulefritidsordninga.»*

#### **I Prinsipper for opplæringen står det:**

*«Godt og systematiske samarbeid mellom barnehage og barnetrinn, barnetrinn og ungdomstrinn, ungdomstrinnet og videregående opplæring skal bidra til å lette overgangen mellom de ulike trinnene i opplæringsløpet.»*

*(Læreplanverket for Kunnskapsløftet, prinsipper for opplæringen, side 6)*

Barnehage og skule er begge institusjonar for omsorg, danning, leik og læring. Barnehage og skule bør difor gje kvarandre gjensidig informasjon om sine respektive verksemder.

### **LÆREMIDLAR – læremidler på nynorsk**

Når det gjeld val av læremidler er det ei stor utfordring å finne songar, bøker o.l på nynorsk.

Læremidler på nynorsk skal prioriterast

Barnehagen må vera bevisst at det i skulen blir forventet at borna skal tileigna seg språkleg kompetanse på nynorsk.

## **UTFORDRINGAR VED OVERGANGAR**

Barn opplever overgangar frå sine tidlege barneår; det er overgang frå heim til barnehage - frå småbarnsavdeling til stor avdeling i barnehagen.

Ein skulle kanskje tru at barn opparbeider seg mykje kompetanse på dette.

Likevel syner forskning at born opplever overgang frå barnehage til skule som ei utfordring.

I barnehagen var barnet eldst – men som ny på skulen vert barnet yngst og skal vera i samspel med både jamnaldrande og eldre medelevar. På skulen møter barnet meir komplekse sosiale mønstre og dess fleire barn - dess større blir det komplekse. Barnet møter også ein kvardag som har meir struktur enn kvardagen i barnehagen – og der læring ikkje lenger primært skjer gjennom lek.

På skulen er det færre vaksne - og barnet får mindre personleg merksemd og mindre interaksjon med vaksne. Dette var annleis i barnehagen med fleire vaksne.

På skulen kan barnet i mindre grad styra tida si - og barnet møter nye former for kunnskapskrav og nye former for utfordringar. Det blir eit nytt tilvære med auka krav og færre vaksne som kan gje støtte.

Dei fleste av borna møter og taklar skulestarten på ein god måte – dei er godt førebudd og får ei god oppleving i møtet med skulen.

## **SOSIAL KOMPETANSE - OG VENSKAP**

Sosial kompetanse handlar om å kunna samhandla positivt med andre. For at samhandlinga skal vera positiv er det nokre grunnleggjande dugleikar som må vera tilstades. Ein må til dømes kunna venta på tur, ha evne til å leva seg inn i andre sin situasjon og visa medkjensle, kunna lytta til kvarandre, kunna ta kontakt og halda merksemda retta mot den ein har kontakt med. Forståing for sosiale tilhøve - prosessar og meistring av sosiale dugleikar krev erfaring med - og deltaking i fellesskapen.

Danning skjer i samspel med andre –og legg eit grunlag for allsidig utvikling.

Leik er førskuleborna sin hovudaktivitet. I leiken får borna øving i sosiale dugleikar og dei får kunnskap om korleis det er å vera i samspel.

I tillegg er leik ein god arena der borna får vener - og der dei kan oppleva samhald.

Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar.

Utviklingsmessig er 5 åringen i ein fase der evna til å sjå egne behov i høve til andre sine har nådd ei ny modning. Samstundes treng 5-åringen framleis rettleiing av tydelege vaksne som er gode rollemodellar og gjev omsorg og anerkjenning.

**Alle skal ha minst ein ven når dei byrjar på skulen!**

## OVERGANG FRÅ BARNEHAGE TIL SKULE

### Å sikra ein god overgang – og ein «god start» på skuletida

Tid	Tiltak	Deltakarar	Ansvar
September /oktober	Kartleggja kor mange barn frå ulike bhg. som skal byrja på dei ulike skulane; sende oversikt til den enkelte skule. Registrere barn som ikkje går i barnehage		Styrrar/rektor
November	Kartlegge om det er born med særlege behov	Styrrar /rektor	Styrrar/rektor
November	Felles planlegging mellom barnehage og skule		Styrrar/rektor
Januar/Februar	Innskriving på skulen	Rektor Elev Foreldre/føresette	Rektor
April/mai	<b>Foreldremøte;</b> Info om skulen, SFO -tilbodet  <b>Fastsetje dato for førskuledagar!</b>  Treff med 1.klasse/	Føresette Rektor Tilsette i skulen Styrrar/ped.leiar i barnehage  Førskulegruppa 1.klasse elevar	Rektor    Kontaktlærer
April/mai	Omvisning på skulen  Treff med fadderklassen i barnehagen	Førskulegruppa  Førskulegruppa	Ped.leiar  Tilsette i barnehagen
Mai	1.klasse lærar må vera kjent!		Rektor
Mai/Juni	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Overføringsmøte ”<b>Dette har vi med oss i barnehagesekken</b>”</li> <li>• Kontaktlærer besøker førskulegruppa</li> <li>• Treff med 1. klasse</li> </ul>	Ped.leiar Kontaktlærer Styrrar/rektor Event. PPT Event. helsesøster  Personale i skulen	Barnehagen/ skulen  Helsesøster/ Kontaktlærer  Rektor/styrrar Kontaktlærer/ped.leiar
Juni	Førskuledagar – bli kjent med skulen og SFO	Foreldre fylgjer barna sine.	Rektor/styrrar Ped.leiar Kontaktlærer

## BARN MED SÆRLEGE BEHOV

Det finns allereie mykje god praksis - gode rutiner og system for overgang frå barnehage til skule når det gjeld barn med særlege behov. ( barnehage/skule -PPT)

I ein del tilfelle vert prosessar og tilrettelegging svært grundig og omfattande - fordi det er så ulike behov hjå dei ulike borna.

Denne planen gjeld også for born med særlege behov.

### Desse føringane gjeld for tilrettelegging av – og arbeidet med overføring:

- Ansvar for – og det praktiske samarbeidet i samband med overgangane er forankra hjå leiar i skule/barnehage – for så å bli delegert.
- Mottakar av barnet har ansvar for å ta initiativ og iverksetje tiltak
- At det er innhenta samtykke frå føresette om eventuelle overføringar av informasjon
- At foreldre/føresette – så langt råd – er med på informasjons - og overføringsmøta
- At informasjonen som er gitt, er relevant og til barnet sitt beste

### Elles viser vi til eigne planar og rutiner hjå PPT

## OVERGANG FOR BARN MED SÆRLEGE BEHOV

- Sikra best mogleg samanheng i den tilpassa opplæringa
- Sikra tverrfagleg samarbeid
- **Rektor /styrar har ansvar for å sikra overgangen.**

Tidspunkt	Kva skal gjerast?	Ansvar
Oktober	<b>Barnehagen tek opp i møte med føresette:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Trongen for melding til skulen om barnet sine behov</li><li>• Skriftleg samtykke til melding m/vedlegg og dokumentasjon (IOP, rapportar)</li><li>• Plan for andre overgangstiltak</li></ul>	Styrar/ ped.leiar
Oktober/ november	<b>Barnehagen sender melding med vedlegg til skulen</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kopi av melding til kommunen</li></ul>	
Januar / februar	<b>Planleggingsmøte mellom skule, føresette, barnehagen og PPT der følgjande vert avklara:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• føresetnader, mål, organisering og ressursbehov</li><li>• behov for kompetanse på skulen</li><li>• behov for sakkunnig vurdering</li><li>• plan for overgangstiltak</li><li>• referat frå møta</li></ul>	Rektor/skulen
Februar	<b>Innskriving på skulen</b>	Rektor/føresette

Mars/April	<b>Sakkunnig vurdering til føresette og skulen</b>	PPT
April/mai	<b>Søknad om spesialundervisning</b>	Føresette
	<b>Vi viser til: "Saksgang for søknad om etablering av spesialpedagogisk hjelp" som er sendt ut til barnehagane og skulane.</b>	

## **SPRÅKKOMMUNE**

Osterøy kommune er språkkommune og har ei særleg satsing på;

- Utvikla dei tilsette i barnehage og skule sin kompetanse på språk, lese –og skriveopplæring gjennom å nytte Osterøy kommune sin strategiske plan for språkarbeidet.
- Alle barn i i Osterøy skal få likeverdige høve til å utvikla gode språklege dugleikar

### **Innsatsområde:**

- Systematisk og målretta språkarbeid i barnehage og skule
- Overgangar i heile utviklings- og læringsløpet
- Fleirspråklege barn i barnehage og skule

Barna skal oppleve glede og meistring ved lesing og skriving. Barnehagen skal gje barna dei beste vilkår for utvikling av språk og barna skal oppleve gleden ved å bruke språket og bli forstått – og sjølv forstå andre.

***Lek med meg  
Fortell for meg  
Lær meg rim og regler!  
Lær meg sanger, lær meg eventyr, snakk med meg!  
La meg få mime og dramatisere  
Lytt til kva jeg forteller!  
Lær meg kva skjønnhet og trygghet er!  
Vis meg kva kjærlighet er!  
Før du vet av det kan jeg være et barn som leser!***

***Anne Lise Gjerdrum***



## ***Innskriving***

Skulen sender innbyding til born/føresette. Møtet skjer på ettermiddag – einskildvis eller i gruppe.

Målet er å skapa eit positivt møte med skulen – både for born og foreldre/føresette.

Registrering av opplysningar - pesonaldata, allergiar, matintoleranse, medisinar, venstre/høgrehendt, søsken, skyss, SFO.

### ***Foreldremøte/skule***

Temakveld: Kva kan foreldre gjere for å gjere borna klare for skulestart  
Barnehage og skule er saman om dette.

### ***Foreldresamtale***

Fokus på overgang barnehage/skule – klargjere forventningar.

Underskrift om informasjon til skulen vert underteikna (eige skriv)

### ***Lærar besøkjer barnehagen mai – juni:***

Før førskuledagen – er med på aktivitetar

(Dersom ikkje kontaktlærar er klar – møter ein annan lærar og informasjon vert gjeve

vidare på eit seinare tidspunkt)

### ***Førskuledag – dette er ein besøksdag***


Foreldre/føresette fylgjer borna til skulen.

Vi ønskjer ha fokus på at den 1. skuledagen er den ”høgtidelege dagen!!”

### ***Overføringsmøte:***

Her skal informasjon om borna gjevast frå barnehage til skule. (eige skjema)

Eige overføringsmøte for born med særlege behov.



**OSTERØY KOMMUNE**  
**Sektor for oppvekst, undervisning og kultur**


”Dette har vi med oss i barnehagesekken”

Til .....skule

Frå.....barnehage

Skulestart hausten.....

Songar/songleikar	
Rim og reglar	
Bøker som har blitt lest i barnehagen siste året	
Tema /aktivitetar ved turar/uteliv	



**OSTERØY KOMMUNE**  
**Sektor for oppvekst, undervisning og kultur**

**SAMTYKKE FRÅ FØRESETTE OM  
OVERFØRING AV OPPLYSNINGAR:**

Barnet dykkar skal overførast til .....skule hausten.....

Overgang mellom barnehage og skule ein del av Oppvekst, undervisning og kultur –sektoren sin plan for å sikra eit målretta arbeid på ulike utviklingsområde.

Målet er å leggja til rette for ein god skulestart for alle borna.

Dette inneber mellom anna overføring av informasjon frå barnehage til skulen.

Informasjonen vil vera munnleg og skal ta utgangspunkt i det konstruktive og positive; det vil seia det som barnet meistrar og som skal føre til noko positivt for barnet.

I samband med overføring av informasjon treng vi samtykke frå foreldre/føresette.

.....  
Barnehage

.....  
dato

.....  
styrar

Vi gjev med dette ..... barnehage løyve/ikkje løyve til å overføra informasjon om

.....  
Barnet sitt namn

.....  
fødselsdato

Til..... skule

.....  
Dato

.....  
underskrift foreldre

Kopi:  
Foreldre/føresette

